

# Kyrkje- helsing

**Kyrkjelydsblad for Østerøy**

Nr. 3, juni/juli/august 2004

## *Konfirmantar i Haus.*

1. rad frå v. Camilla Bordvik, Johannes Melve, Marie Røskeland Vatle, Silje Vatle Mjelde. 2. rad frå v. Ørjan Rivenes Johnsen, Jeanette Sørensen Presthus, Karoline Fredrikke Hestnes, Natalie Edvardsdal Hekland, Merethe Kristin Rogde Mjånes, Jan Cato Telle. 3. rad frå v. Daniel Aune Tennebekk, Stian Birkeland, Kristian Loeshagen, Jørjan Aasheim, Helge Torp.

Foto: Rune Solberg



Ved.  
Olav Meltvik



# Sjå på fuglane - - -

Vårdagane går så altfor fort. Det er så mykje å sjå kvar dag frå dei første grøne spirer kjem, løkplantar som blømer, frukttre i full blom, Rododendron og andre prydbuskar, stauder. Våren hev kome tidleg siste åra, og det er eit under kvar gong alt vert vekt til nytt liv att etter vinterkvila.

På småbruket vårt hev me ein stor hage, ca. 3,5 mål. Her hev me sitjeplassar plassert ulike stader. Denne våren hev eg meir enn tidlegare år, innimellom vårarbeidet, sett meg nedpå litt rundt om i hagen for å nyta alt i kring meg.

I år hev eg særleg merka meg at her er meir fuglesong enn på mange år. Å få vakna til lyden av alle dei ulike glade kvitringane og å lya til fuglekoret utover dagen og kvelden denne våren hev gjeve meg mange gode stunder. Tillitsfulle er dei og desse mine fjørkledde vener. Erlene sviv kring føtene mine når eg breier møk eller slær gras. Same para kjem att år etter år. Raudstrupane er endå meir folkekjære. Eg hugsar tidlegare, då far levde, han hadde laga eit lysthus av vivendel, med bord og benker i. Her sat me av og til og spela gramofonplater. Då hadde me ein raudstrupefamilie som sette seg på bordet og lytta til platene. La me hendene våre på bordet med litt matsmular i åt dei or hendene. Raudstrupar hev me framleis tett innpå oss.

Ein dag i vår skulle eg flytta på noko tau som hang i garasjen. Attved hang ein kveil med ny hageslange. Då såg eg at inni kveilen var det heilt fullt med grøn mose, med eit lite rundt hol i. Ut or holet kom det ein liten gjerdesmett. Dei hadde bygt reir tett attved bilen i garasjen.

Truleg same fuglen som i fjar vinter søkte ly i kjellaren då døra stod opi ein augneblink og det snøa ute. I vinter var den i floren eit par dagar. Alle fuglane i kring oss kjem ikkje så nær at me ser sikkert kva fugl det er, men eg hev m.a. sett skogduer, dei er skye.

Her er veldig mange småfuglar i kring oss i desse jublande kora.

Då kjem eg i hug Matt. 6. 26. "Sjå på fuglane under himmelen ! Dei sår ikkje og haustar ikkje og samlar ikkje i hus, men far dykkar i himmelen føder dei likevel! Er ikkje de mykje meir enn dei ? "

Dette er frå Bergpreika der Jesus og lærde oss korleis me skal be og gav oss Fadervår. Bergpreika burde me kan henda ta oss tid til å lesa av og til.

# Er eg god nok?

Dette er eit spørsmål som kan prega oss i jobben, på skulen, i familien og i andre relasjoner. Det kan vera foreldre som lurer på om dei er gode nok foreldre.

Tenåringar som lurer på om dei er OK nok.

Media og reklame kan fortelja oss: Vil du at nokon skal vera glad i deg, så må du vera vellukka og nesten fullkommen: foreldre må ha fullkomne born, born må ha fullkomne foreldre, huset, kroppen, feriane, partnaren, sexlivet, jobben, økonomien, alt må vera på topp.

Då kan vi verkeleg lura på: Er eg god nok? Er eg akseptabel? Myta om det perfekte liv, forblir ei myte, ein draum så lenge vi lever på jorda. Vi kan ikkje basera vårt forhold til kvarandre på det perfekte. Då er vi garanterte å mislukkast.

Var det Gud elsker drittunger! eller Kan Gud elske slabbedasker? som stod i annonsa for Kirkens Bymisjon for eit par år sidan? Svaret må i alle fall vera: JA, det kan Gud! Gud er kjærleik, ein kjærleik som ikkje seier at alt er rett og godt, men som likevel er glad i oss og vil ha kontakt med oss.

Er eg god nok for Gud? er eit spørsmål det går an å snu på hovudet: Er Gud god nok for meg? Kva kan vera grunnen til at eg ikkje har så mykje med Gud å gjera?

Er det noko ved Gud det er gale med?

Eg syns det kan vera eit tankevekkjande spørsmål.

Er det verkeleg slik at eg ikkje vil ha så mykje med Gud å gjera, kva kan då grunnen vera?

Gud går neppe rundt og lurer på om Han er god nok, men kanskje Gud kan ha grunn til å lura på: kvifor Han ikkje er viktigare for oss?

Er Gud god, skulle vi i alle fall ikkje ha nokon god grunn til å halda oss borte frå Han.

Det kan vera at vi syns Gud ikkje passar inn i livet vårt.

Det kan vera at Bibelen ikkje framstiller ein Gud som på alle område stemmer med den gud eg ønskjer å ha.

Eg vil ha ein gud i mitt bilet, og så passar ikkje Gud heilt inn i dette biletet mitt, og difor vel eg å halda Gud borte. Dette er val vi kan gjera.

Men eg håper ikkje vi "vel bort" Gud fordi vi syns vi ikkje er gode nok for Gud. Då Jesus møtte menneske, kan eg ikkje sjå ein einaste gong at han sa eller gav uttrykk til nokon: "Du er ikkje god nok." Det at nokre syns Jesus ikkje var god nok for dei, det er noko anna.

Gud ønskjer å møta born og vaksne med sin kjærleik.

Vi skal få vera Hans – av **nåde!**

*Brigt Sigve Skeie*

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar  
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

### Direkte innval:

Halldis Midtun	56 19 22 71
----------------	-------------

Mikal Toska	56 19 22 72
-------------	-------------

Johannes Melve	56 19 22 82
----------------	-------------

Brigt S. Skeie	56 19 22 83
----------------	-------------

Liv Skoglund	56 19 22 84
--------------	-------------

Kåre Rivenes	56 19 22 85
--------------	-------------

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Anne Mari Persen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Berit Solberg

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

### Kyrkjeheising redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

# En sed blir sådd

Av Einar J. Selvik

Dere lurer vel på hvorfor jeg har med tegning av ”kjerka” i Rotterdam, mens historien denne gangen og kommer fra New Orleans. Saken er nemlig den at selv om jeg har vært en del ganger på ”kjerka” i Rotterdam har jeg ingen spesielle minner derfra, bortsett fra det at ingen norsk sjømannskirke ligger i flottere omgivelser. Den ligger i utkanten av Rotterdams største park. Bare adressen til ”kjerka” gir en smak av eventyr. Den ligger nemlig i Pannekakegaten (på norsk).

Historien denne gang er som sagt fra New Orleans. Kirken i mitt hjerte, og er fra det året jeg vikarierte som velferdssekretær. Året var 1972. Året var et særdeles hektisk år, både for ”kjerka” og velferden. Grunnen var at USA hadde inngått en hjelpeavtale med Sovjet om levering av ”ørten” millioner tonn med hvete på grunn av feilslått avling i Sovjet, og New Orleans området er USA’s eksportkhavn nr. 1 når det gjelder korn. En meget stor del av transporten foregikk på norsk kjøl, og der lå sjeldent mindre enn 8 – 10 norske skip i havna hver dag. Det som skjedde av og til, var at velferden og ”kjerka” trakket i hverandres ”bed”, uten egentlig å ville det. Høyre handa vet ikke hva venstrehanda

gjør. Jeg mente at vi burde luke vekk disse ubehagelige situasjonene ved å opprette samarbeidsmøter en gang i uken. Onsdagen ble valgt som møtedag og klokkeslettet ble kl. 10 på ”kjerka”.

Dette var første gang jeg fikk innsyn i ”kjerka”s indre liv. Da jeg trappet opp skulle de akkurat til å samles rundt kjøkkenbordet til dagens ”briefing”, og fordeling av oppgaver. Møtet startet med andakt og bønn, fulgt av kaffe og nystekte vafler. Det som grep meg mest, var den utrolige varmen og gleden staben utstralte. Den gangen tenkte jeg ikke så mye over det, men i ettertid har det slått meg at den hellige ånd var sterkt til stede, og han snakket spesielt til meg. Jeg fikk en lengsel etter at uken skulle gå, slik at det ble onsdag igjen. Det første igjen til at jeg begynte å gå på søndagsgudstjenesten hver søndag. Det var liksom ikke søndag hvis jeg ikke fikk høre Guds ord. Selv om det gikk mange år før jeg turde bekjenne meg som en kristen, kan jeg med hånden på hjertet si at en sed ble sådd i meg.

Hvis noen av dere som var på ”kjerka” i den tiden leser dette, skal dere vite at min takknemlighet er så stor at den ikke kan måles.



# Familie-nytt



stikkes gang

## BRUVIK

### Bisett:

04.05. Johannes Faugstad (f. 1921)

## HAUS

### Døpte:

16.04. Marie Røskeland Vatle

18.04. Malena Øvre Helland

23.05. Marie Mostraum

### Gravlagde:

30.03. Jakob J Skjerping (f. 1938)

## GJERSTAD

### Døpte:

04.04. Sander Krakhella Hekland

04.04. Ingeborg Bjørnseth Revheim

11.04. Kristoffer Hugnastad

11.04. Sondre Myking

11.04. Henrik Solberg Tysse

11.04. Ingrid Solberg Tysse

11.04. Helene Kristine Bertelsen

11.04. Sandra Fitje

16.05. Torstein Reigstad

30.05. Frøya Ahmer Solberg (døpt i Hosanger kyrkje)

### Vigde:

29.05. Åse Halland og Espen Alex Nilsen

### Gravlagde:

17.03. Gunvor Hauge (f. 1917)

16.04. Borghild Hauge (f. 1911)

03.06. Gudrun Kleiveland (f. 1909)

### Bisett:

13.04. Kåre Teigland (f. 1942)

bisett i Troens kapell

14.05. Marta Teigland (f. 1941)

bisett i Møllendal kapell

## HAMRE

### Døpte:

04.04. Iben Sofie Burkeland

20.05. Andreas Høvik Haugland

20.05. Tarjei Vincent Bernhard Nymoen Fløisand

20.05. Silje Dale Angelskår

20.05. Anine Hamre Barnes

20.05. Thea Reigstad Fotland

31.05. Magnus Reigstad

31.05. Gardian Losnegård Vassdal

31.05. Julia Marie Raknes Lillejord

31.05. Villemo Vatle

### Gravlagde:

26.05. Terje Angelskår (f. 1979)

28.05. Kari Tvedt (f. 1911)

### Bisett:

05.04. Kjetil Loftås (f. 1957)

## HOSANGER

### Døpte:

04.04. Amalie Myking (døpt i Gjerstad Kyrkje)

12.04. Laura Gjerstad Hagebø

30.05. Morgan Ahmer

30.05. Benjamin Holme Tysse

30.05. Fredrik Lone

30.05. Sebastian Myking Sunde

### Vigde:

08.05. Cecilie Nordås Kvåle og Trond Engstrøm

### Gravlagde:

21.04. Randi Josefine Barnes (f. 1920)

28.04. Maria Hanstveit (f. 1929)

# Et stort offer

Av Sigurd Hille Svenson

Det skulle være ofring ved utgangen etter gudstjenesten i kirken i den bygden som jeg var på besøk i. Jeg visste at den ungdommen som jeg var sammen med ikke hadde penger.

Så forsiktig som mulig prøvte jeg å stikke til ungdommen noen kroner slik at også denne personen kunne legg noe i offer-kurvene til de to som stod i utgangsdøren for å ta i mot offeret. Da ser denne ungdommen på meg og sier: "Jeg har offer. Jeg gir meg selv som offer."

Det var ingen i kirken som så det store offeret som

denne ungdommem gav, men Gud så det, for Han ser til hjertene. Jeg måtte stikke kronestykkene som jeg hadde tenkt å gi til ungdommen i lommen igjen, men jeg hadde blitt en stor opplevelse rikere. Jeg hadde fått sett litt inn i et hjerte som var fullt av tro, kjærlighet og hengivelse til Gud. Denne sangstrofen kom for meg :

"Jesus, meg selv jeg deg bringer,  
legger meg ned for din fot.  
At du meg evig skal eie.  
Jeg er jo kjøpt med ditt blod."



# Velkommen til kyrkja

## 4. juli. 5. sundag etter pinse. Joh 8,2-11.

Gjerstad kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet.

## 11. juli. 6. s. e. pinse (Ap.dagen). Matt 16,13-20

Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Fjøn fjellkyrkje.  
Haus kl 19.00 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding (IKO)

## 18. juli. 7. s. e. pinse. Jos 24,19-24

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Wycliffe bibelomsetningsarbeid..

## 25. juli. 8. s. e. pinse. Matt 10,28-31

Bruvik kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer.  
Hosanger kl. 19.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Bjørgvin familierådgjevingskontor.

## Torsdag 29. juli. Olsok. Matt 20,25-28

Gjerstad kl 19.30 Gudsteneste. Skeie.

## 1. august. 9. s. e. pinse. Matt 7,21-29

Haus kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til NLA.

## 8. august. 10. s. e. pinse. Apg 20,17-24

Gjerstad kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Redd Barna.  
Hamre kl. 19.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Ungdom i oppdrag.

## 15. august. 11. s. e. pinse. Joh 6,66-69

Hosanger kl 11.00 Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til sjømannskirken.  
Bruvik kl. 19.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer.

## 22. august. 12. s. e. pinse. Matt 21,28-31

Haus kl 11.00 Gudstenest e. Melve. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.  
Geitnipa kl. 15.00 Friluftsgudsteneste. Melve.

## 29. august. 13. s. e. pinse. Matt 12,33-37.

Gjerstad kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Nattverd. Eldredag. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Hamre kl. 11.00

Gudsteneste. Skeie. Nattverd. 50-års konfirmantar. Takkoffer til Soltun soldatheim og ungdomssenter.

## 5. sept. 14. sundag etter pinse. Rom 12,9-15.

Bruvik kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer.  
Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. 50-års konfirmantar. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Gjerstad kl. 19.00 Lovsongkveld.

Haus kl. 19.00 Gudsteneste. Melve. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 12. sept. 15. sundag etter pinse. Joh 5, 1-15.

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Gjerstad kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Kyrkjebøker til 4-åringane. Takkoffer til IKO.

## 19. sept. 16. sundag etter pinse. Luk 10,38-42.

Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Familie & Medier.

## 26. sept. 17. sundag etter pinse. Luk 7, 11-17.

Haus kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. 50-års-konfirmantar. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet  
Gjerstad kl. 19.00 Gudsteneste. Melve. Konfirmantpresentasjon.

## 3.oktober. 18. s. e. Pinse. Joh 8,31-36

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding (IKO)

Bruvik kl. 19.00 Gudsteneste. Skeie. Takkoffer.

Gjerstad kl. 19.00 Lovsongkveld.

## 19. s. e. Pinse. 10. oktober 2004: Matt 13,44-46

Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Nattverd.  
Gjerstad kl. 19.00 Salmekveld om Blix. Melve. Osterøy kyrkjekor.

## Fasteaksjonen 2004

Bruvik sokn	kr. 5.920,-
Gjerstad sokn	kr. 12.407,-
Haus sokn	kr. 10.852,-
Skulegudsteneste Hosanger	kr. 5.396,50
Valestrand skule	kr. 4.664,-
Diverse bøser Hamre	kr. 413,-
Hamre skule	kr. 555,-
Hjellvik skule	ca. kr. 2.000,-

Takk til alle som har gjeve si gåve!!

## 50-års konfirmantjubileum

Hamre	29. august
Hosanger	5. september
Haus	26. september
Gjerstad	24. oktober
Bruvik	14. november

## Konfirmantpresentasjonar

Gjerstad	29. august kl. 11
Bruvik	5. september kl. 11
Haus	5. september kl. 19
Hamre	12. september kl. 11
Hosanger	19. september kl. 11

**Frivillighetssentralen**  
på Osterøy treng fleire hjelparar. Disponerer du bil og kan tenkja deg å vera besøksven kontakt telef. 56 19 21 27 eller 56 39 1821.



Frivillighetssentralen

## Dåp

Det høver med dåp desse sundagane:  
Hamre: 27/6 og 12/9  
Hosanger: 19/9  
Gjerstad: 12/9  
Haus: 1/8  
Bruvik: 5/9

Kyrkjesskyss  
til Hosanger  
frå Tysse,  
ring  
Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

**Kyrkjesskyss til Haus kyrkje**  
Desse personane kan kontaktast pr. telefon:  
Berit Torp 56 39 03 59  
Einar Johnny Selvik 98 06 48 54  
Sigrid Mjelde 56 39 01 04

### Kyrkjesskyss til Bruvik

Ring Wenche Fiskeseth  
tlf. 56 39 18 21  
Otto Mo tlf. 56 39 19 42


### KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:  
Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53  
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.



**Konfirmantar i Bruvik.** 1. rad frå v. Iris Hagenes, Johannes Melve, Werner Larsen, Natalie Andersen 2. rad frå v Sindre Hekland Mjelde, Anders Bruvik, Steffen Vik, Erlend Nøttveit Seilen, Even Hekland, Glenn Olsnes. Foto: Rune Solberg



**Konfirmantar i Gjerstad.** 1. rad frå v. Malin Maria Mjelde, Marie Kristine Rød, Stine Anita Birkås Solberg, Werner Larsen, Johannes Melve, Hanne Fossdal Gjøstein, Janne Daltveit, Annelin Risnes. 2. rad frå v. Trine Nordpoll, Lovise Mari Antun Hopsdal, Lene Katrine Njåstad, Malin Gjøsæter Mjelstad, Elise Revheim, Karina Nilsen, Ingri Soltveit, Evelyn Bratland Mjelstad, Silje Alice Solberg, . 3. rad frå v. Christer Nygård Lidtun, Kenneth Kvarven Skjerping, Henriette Tinbod, Malin Røsland Teigland, Annike Røyseth Solberg, Kine Terese Rønnestad, Hanna Eikemo Waring, Aagot Eline Milde, Eirik Bjørndal Njåstad, Richard Nøttveit. 4. rad frå v. Daniel Fosbakken, Hans Ole Daltveit, Remi Bøe Presttun, Mats Neu Hatland, Sindre Fotland, Stian Tysse, Heine Lohne, Henrik Tveiterås, Eirik Fotland. Foto: Rune Solberg



**Konfirmantar i Hamre.** 1. rad frå v Miriam Skjelvik Kalland, Helene Bleikli, Therese Edvardsen Kallekleiv, Linn Reigstad, Brigt Sigve Skeie, Silje Marie Indrebø Raa, Renate Lohne Hermansen, Cecilie Strømsnes, Stine Marie Mjelstad. 2. rad frå v. Olav Børteit, Maria Helen Rundhovde Greve, Edith Caroline Daltveit, Camilla Mosevoll, Maren Vedå, Renate Nordpoll, Marina Lohne Hermansen, Anja Myking Bolstad, Marielle Skå, Steinar Hagenes. 3. rad frå v. Erlend Vatle Sandgren, Emil Farissón Hartveit, Eivind Martin Elvik, Vegard Askeland Mjelstad/Kay Kaland Stammes, Henrik Revheim, Daniel Aleksander Røskeland, Krister Kallekleiv, . 4. rad frå v. Tore Daltveit, Steinar Daltveit, John Einar Tveiten, Ole Karsten Solberg, Trond Fossdal Århus, Ole-Martin Valestrand Edvardsdal, Helge Fjellby, Dag Riise.  
Foto: Rune Solberg



**Konfirmantar i Hosanger.** 1. rad frå v. Olina-Karin Fossdal, Brigt Sigve Skeie, Silje Hay, Kristine Lavik Bernes. 2. rad frå v. Ingri Øvsthus, Sandra Hoshovde Matre, Nora- Marie Fure Fjellskål, Ann Kristin Bolset Kleppe, Hanne Kristine Tysse Skjerping, Ingrid Beckstrøm Vedå, Malin Mandelid Kleppe. 3. rad frå v. Thomas Hole, Espen Hauso Bernes, Camilla Rongved Hanstvedt, Ane Skare Holen, Linn Nordås Fotland, Inge Neu Hoshovde. 4. rad frå v. Jørn Hellenvang, Simon Kleppe Røskeland, Eirik Aakre Svensson, Nicolas Bjørnsønn Ludvigsen, Andreas Elvik. Foto: Rune Solberg

# Soknepresten har ordet

## Riva ned eller byggja opp


I vinter kom det ei liste over alle kyrkjene som kunne rivast utan at Riksantikvaren ville gripa inn. I Osterøy prestegjeld var det berre Haus som var på den lista. Av ein eller annan grunn er ikkje dei to andre kyrkje frå same tidsperiode med på same lista. No er eg ikkje redd for at kyrkja kan rivast. Grunnen til at ho ikkje kan rivast, er at ho er huset der Haus kyrkjelyd samlast. Ja, den beste grunnen til å halda kyrkjene oppe er å bruka dei.

Det er ein myte at kyrkjene er tome. Dersom dei stod tome, kunne me berre riva dei ned. I fjor var det 14.318 menneske på gudstenestene i Osterøy prestegjeld. (At det ofte er plass til fleire, er ei kjend sak). I tillegg kjem alle som var på konsertar, vigslar og gravferder. Det viktigaste i kyrkja er menneska som er der. Det viktigaste er å byggja opp

kyrkjelyden. For i Bibelen står det mykje om å **byggja** kyrkja. Oppbygging har vore eit viktig ord her. Oppbygging er ikkje det at den enkelte kjenner seg oppbygd, eller får ei god kjensle. Oppbygging skjer i fellesskap. Det gjeld ikkje berre den enkelte. Det er noko som gjeld heile den kristne kyrkjelyden.

Så der spørsmålet: **Vil du vera med og byggja opp kyrkja?**

Eg veit ikkje om mange som vil riva ned kyrkjene. Men vil du vera med og byggja kyrkja ? Kyrkjelydane treng menneske som vil vera med, ikkje berre passivt å halda seg i bakgrunnen, men aktivt å støtta og hjelpa til å kyrkja kan byggjast opp. Kva kan du gjera ? Mange har for lite syn for det dei sjølve kan gjera. Dei trur at dei ikkje betyr noko for fellesskapet. Det er feil. Det viktigaste er å vera med, det



viktigaste er ikkje at du gjer mykje av deg, det største er at du er med. Og då gjeld det at du brukar kyrkja. Velkommen til kyrkje !

# Rydding på kyrkjegardane

Måndag 26. april hadde me den årlege ryddeaksjonen på kyrkjegardane. I siste nummer av kyrkjhelsing oppmoda me pårørande om sjølv å ta vekk kransar og anna vinterpynt. Det viser seg at svært mange hadde gjort dette før årets ryddeaksjon. Me

nyttar høve til å takka for hjelpa, dette gjer arbeidet mykje lettare for oss. Dei siste åra er det blitt stadig mindre att for oss å rydda og sortera, men endå var det ein del att som måtte takast vekk, tilsaman ca. 30 boss sekkar.

# Konfirmant-overhøring og konfirmantfest i Hamre sokn fredag 23 april 04

Det var ein litt annan overhøring enn nokre var vane med. Under førebuinga hadde konfirmantane vore inndelt i grupper: Krik, Media, Mat og Dans og Drama. Ein litt annan konfirmantførebuing enn i mi tid, men sikkert like positiv.

På overhøyringsdagen fekk nokre av konfirmantane svara på kva dei syntest om dåp, konfirmasjon, nattverd. Det var to og to som gav svara på dei ulike spørsmål som var utarbeid på førehand. Bryllaup og ekteskap var og tema, men her var ikkje materiellet heilt ferdig. Det var og ei gruppe av konfirmantane som song med gitarspel til. Presten Brigit S. Skeie knytte det heile saman på ein framifrå måte. Konfirmantane sin oppførsel? Litt lopper i blodet på enkelte, men slik har det vel alltid vore?

Etterpå kom vel det som sikkert mange hadde gledd seg til. På Raknestunet vart det duka til fest i møtesalen, og der var ca. 95 til saman. Konfirmantane, foreldre og nokre besteforeldre.

Gryteretten med salat og ris og brød gjekk fort unna, og der var rikeleg til alle. Dette fall i smak. Etter ein liten pause, med frisk luft, var det samling i peisestova med eit flott kaffi/brus/te bord. Det var foreldra og soknerådet som stilte med kaker.

Presten Per Fimreite heldt andakt til ein lydhør forsamling. Dramagruppa synte Fadervår m/musikk til frå ein C D. "Ei fin framføring", sa ein av foreldra og "ein svært fin fest". Liv Skår leia i møtesalen (maten) og Bjørg Mosevoll i peisestova. (Eg var ei floge på veggen)

Konfirmasjonssøndagen 9. mai (ein var 2. mai) som eg fekk vera med på rann med strålande sol, og det var fint å koma til Hamre og sjå alle dei bunadskleddde folka og elles andre i finstas. Mange stod utanfor kyrkja og prata. Det var nesten for fint vær til å gå inn, men kyrkja var no full av folk då konfirmantane kom inn og gudstenesta tok til.

Det var Brigit S. Skeie som heldt talen om "Kjærleik.". Teksten var frå "Kjærleikens apostel" sitt brev. 1.Johs. brev 4. 10 – 16. Det var ein fin og tankevekkjande tale om Guds kjærleik til oss som aldri tek slutt, sjølv om me feiler mykje, i motsetnad til oss menneske som kan gå leie av kvarandre og så "over og ut". Kjærleik er både følelser, hjerne og vilje og overbærenhet. Eg trur at både konfirmantar og andre som var i kyrkja, fekk noko å tenkja på.

Høgdepunkta var og då konfirmantane fekk velsigning ved alterringen.

Ei fin gudsteneste og eg ynskjer alle konfirmantar på Osterøy ei god framtid.

*Helsing ei konfirmantbestemor.*

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
Epost - teneste: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



**Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å PRATE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

## Klokkar i Hosanger kyrkje

Osterøy Kyrkjeleg fellesråd  
søkjer etter  
klokkar i Hosanger kyrkje.

Dette er ein 6,5% stilling.  
Løn i høve tariff for klokkar,  
kode 5139.

Søknad kan sendast til:  
Osterøy Kyrkjeleg fellesråd  
5282 LONEVÅG Lonevåg.

Kontakt på telefon 56192280.

# Dåpsskule

Denne vinteren har både Haus, Bruvik og Gjerstad sokneråd starta opp med dåpsskule for 6-åringar. Haus og Bruvik har hatt oppleget saman og har hatt samlingar i kyrkjelydshuset ein laurdag ettermiddag i månaden til saman 7 gonger. På Gjerstad har dei lagt tilsvarande samlingar til tysdag ettermiddag. Dei har og hatt med 7- og 8-åringar.

Vi har teke utgangspunkt i eit ferdig utarbeidd opplegg frå IKO der målet har vore å gjé borna eit møte med kyrkja, gudstenesta og bibelforteljingar. Vi har hatt fokus på kyrjeåret si rytme der høgtidene har stått sentralt. Borna har fått læra litt om dei ulike sakramenta; dåp og nattverd. Målet med oppleget er at 6-åringane skal bli kjent med og få kunnskap om Gud, Jesus og Den Heilage Ande.

Opplegget er tilpassa dei måla som er sett for **Plan for dåpsopplæring i den norske kyrkja**. Fire nøkkelord har gått igjen i opplegget: **Sjå, gjera, høyra og smaka**. Born lærer gjennom å bli aktiviserte og å lytta og få vera delaktige. I tillegg til song, samtale, høgtlesing har vi på kvar samling hatt måltid med saft og bollar der store og små har prata og kost seg saman.

Vi har hatt fin oppslutnad, 8-10 born har møtt fast på samlingane. Vi har gode tibakemeldingar frå mange foreldre og borna sjølve har gitt utrykk for at dei syns det har vore kjekt å gå på dåpsskule. Laurdag 17. april hadde vi felles avslutning i Haus for begge dåpsskulane med ein såkalla "Bu heime weekend". Då samla vi til saman 23 born frå dei 3 soknene heile laurdagen. Bergen sòndasskolekrets og Normisjon hadde utarbeidd eit opplegg der vi fekk vera med til eit misjonsland, ha leikar og aktivitetar, bibelstoff og ikkje

minst ein kjempeaktivitetsettermiddag i gym-salen på Haus skule. Vi hadde og for ikkje å gløyma eit spennande "friminutt" i prestehagen der vi leika gøymespel. Til middag gjekk Risengrynsgraut og hotdog ned på høgkant. På søndag samlast vi til familiegudsteneste i Haus kyrkje der 6-åringane fekk utdelt kyrkjeboka Tre i eit tre. Vi har hatt bra med leiarar til dåpsskulen særleg i Haus. Der har vi og hatt god hjelp av konfirmantar som har gjort ein veldig fin innsats.



Over: Med stor iver og glød skreiv dei i dagboka.



Med dei gode erfaringane vi har gjort så langt satsar vi på å starta oppatt med dåpsskule til hausten både på Gjerstad og i Haus/Bravik og vi håpar på at det kjem endå fleire 6-åringar som vil vera med.

På vegne av  
dåpsopplæringsutvala  
i Haus, Bruvik og Gjerstad

**Madli Hannisdal.**

Til venstre: Dåpsskulen i Haus saman med to av konfirmantane som var hjelpeleiarar.

# Kretsmöte for søndagsskulen

Bergen søndagsskulekrets arrangerte denne våren sitt årlege kretsmöte på Osterøy i Haus kyrkjelydshus laurdag den 27. mars. Det var Osterøy søndagsskulelag som stod som vertskap. Nytt av året var at vi hadde eige opplegg for borna.

På formiddag hadde dei vaksne bibeltime med Helge og Anne Karin Unneland som hadde tema : Eg vil følgja Jesus med glede, hovudtema for søndagsskulen dette året. Helge tok oss med på bibelvandring frå Skapinga til Oppstandelsen, medan Anne Karin viste oss betydninga av å ta vare på kristne symbol og tradisjonar knytta til høgtidene og bringa dette vidare til borna våre. Samstundes fekk borna dela noko av påskeforteljingane og laga ”påskehage”. Ein nydeleg

hage med materiell som dei i stor grad henta frå naturen.

Etter eit velsmakande middagsmåltid samlast vi vaksne att til årsmøtesaker og borna fekk boltra seg med ulike fysiske aktivitetar i gymnastikksalen; her var det hoppepute, karamellkasting og litt av kvart. Tydeleg og at det ikkje berre var borna som hadde hatt det kjekt, men også dei vaksne som var med. Vi avslutta dagen med ei felles forbønsgudsteneste der både store og små var samla. Mange opplevde dette som ei fin gudstenesteform. Før me skildest hadde me kveldsmåltid saman i kyrkjelydshuset.

På søndag formiddag deltok både Helge Unneland (studentprest på St.Sunniva studenthjem) og

Svein Morland (formann i Bergen søndagsskulekrets) på Gudstenester i Hosanger og Bruvik.

Styret i Bergen søndagsskulekrets har sendt ei varm takk til Osterøy søndagsskulelag for eit fantastisk tilrettelagt krinsmöte, særleg takkar dei for at me hadde laga så fint opplegg for borna. Me som sit i styret i Osterøy sørnasskulelag vil gjerne bringa denne takken vidare til dykk som var med å laga gode måltid til oss og hjelpte til på ulike måtar. Dette er ei helg som me ser tilbake på med glede og takksemid.

*For Osterøy søndagsskulelag*

**Madli Hannisdal**

## Leirliv i Sætervika

TYPE	DATO	ALDER	PRIS
1. Ferieleir	21.06 - 25.06	9 - 12 år	kr. 640,-
2. Sommerleir	28.06 - 01.07	10 - 12 år	kr. 530,-
3. Sommerleir	02.07 - 05.07	8 - 10 år	kr. 490,-
4. Aktivitetsleir	26.07 - 30.07	12 - 14 år	kr. 730,-
5. Familieleir	30.07 - 01.08		kr. 460,-/360,-/260,-
6. Ferieleir	02.08 - 06.08	10 - 14 år	kr. 660,-
7. Sommerleir	06.08 - 08.08	7 - 10 år	kr. 490,-

KANO - BÅT - BADELIV - TARZANLØYPE - TRAMPOLINE - SLENG-  
TAU - NATURSTI - BALLSPEL - SPEL - LEIKAR

SÆTERVIKA UNGDOMSSENTER LIGG FINT TIL VED SAMNANGERFJORDEN.  
KVAR DAG PÅ LEIR FÅR VI HØYRA OM JESUS OG MISJONSARBEIDET.

### Påmelding/nærmere opplysninger:

Norsk Lutherisk Misjonssamband, Sydneskleiven 22, 5010 Bergen.  
Tlf. 55 90 48 00 - Fax. 55 90 48 10 - E-post: bergen@nlm.no

# Kirken i faresonen

Etter at B.T. nå nettopp har orientert oss om at Norge ligger på topp når det gjelder vedlikehold og oppussing av våre boliger, får vi en sjokkmelding i forhold til kirker og vedlikehold. I Norge er der nå både for mange og for dyre kirker å holde vedlike, uttales det fra øverste administrative hold i Kultur- og kirkedepartementet. Det må åpnes for nedlegging og riving, for å redusere de skyhøye kostnadene. Dette er nok heller ikke en sak som er grepst ut av luften, eller å anse som en forsinket aprilspøk. Øverste ministerhold, med statsministeren i spissen skal allerede være orientert, og har etter sigende gitt sin tilslutning.

Det er selvsagt ingen hemmelighet at mange kirker rundt om i landet har forfalt i de seinere år. Det er et faktum at det offentlige i en årekke har spart mange penger ved å undra seg sin vedlikeholdsplikt. En rimelig løsning hadde derfor nå vært at en mens det ennå er tid, påtar seg sitt ansvar og gjør et skippertak for kirkevedlikeholdet. Her ser det imidlertid ut for at det er rom for kreative, eller skal vi heller si destruktive løsninger:


"Regningen skal slettes, kirkene skal vekk!" Fra departementet lyder argumentet som skal slå all motstand til side: "Før rodde man til kirke, nå kan man bile!" Tilsynelatende behøver en altså nå ikke lenger hefte seg med innvendinger, som forholdet til kultur, historie, tilhørighet, identitet, eller ganske enkelt: Gudstro.

Det verste er likevel at det nå later til at kirkeledere, riktig nok med en viss grad av forbehold, slutter seg til tilrådingen fra departementet. Noen steder anser en at det ikke lenger er nok folk, og andre steder kan en synes at kirkene ligger for tett. I alle tilfeller vil slike vurderinger bli svært relative. Den lokale menighet skal tas med på råd heter det rett nok, men er det

"tidens vind" som skal bli avgjørende for all fremtid i en slik viktig sak. I en bygd/bydel er det for tiden stor interesse og iver når det gjelder kirkelig virksomhet. Et annet sted er virksomheten av forskjellige grunner for tiden laber. Skal de sistnevnte miste kirkens sin, som trass i alt er det beste grunnlaget for gjenskaping av vekst. Husk også at det realistisk sett nå bare er to aktuelle alternativer; enten riving eller alternativ bruk. En midlertidig nedlegging og avlåsing, med sikte på eventuell seinere bruk, vil ganske raskt føre til et irreversibelt forfall.

Er det dagens tilfeldige sympatier og antipatier som skal få sette i gang dette skredet av nedlegging og riving av Gudshus? Kanskje vil ikke dette være resultatet umiddelbart, men når den generelle oppfatning nå blir dreiet fra at kirkens er et hellig hus, med umistelig historisk og kulturell verdi, og med et felles ansvar både i forhold til tidligere og videre generasjoner, har en satt i gang en prosess, som nok kløktige offentlige byråkrater og økonomer vil vite å utnytte. For skal dette virkelig få en reell økonomisk betydning er det ikke nok å legge ned en og annen liten kirke ute i distriktet. Det bør helst bli et skikkelig ras. Her er det bare loven som kan bety en stopper. For alt etter kirkenes alder er det i dag et lovpålagt vern, - men er vi da egentlig best tjent med at det bare vil være de aller eldste og gjerne minst hensiktsmessige kirkene som vil forblí intakte.

Med det etterslepet som allerede er til stede når det gjelder vedlikeholdet av middelalderkirkene, er det etter min mening helt klart at departementets robåt/bil-argument vil bli nyttet til siste konsekvens, dersom en nå får et generelt gjennomslag for "nødvendig" kirkeriving. Nå stilles også spørsmålet: Hva vil en bruke de innsparte midlene til



Tidlegare kyrkjeverje og dagleg leiar av kyrkjekontoret i Osterøy, Kristen Stang, set spørsmål ved kva krefter som ynskjer å leggja ned ein del av våre gudshus.

? Slik jeg forstår det vil det ikke bli slike midler til disposisjon. Fra myndighetenes side må det jo nettopp være utgangspunktet at en ikke vil stille videre midler til disposisjon i slik kirkelig sammenheng.

Til slutt kan det som et apropos nevnes at hotelleier og konsernsjef Petter Stordalen nå har ytret ønske om eventuelt å overta kirker til hotellbruk. I et marked som etter vanlige normer for lengst skulle være overtablert med forretningssentre og hoteller har unge Petter Stordalen i kraft av sin dyktighet og begeistring maktet å skape en formue og et imperium. Slike folk trenger vi nå også innen vår kirke i fellesskapets tjeneste. Inn til da må alle vi andre uttale et klart og tydelig NEI til kirkenedlegging.

**Kristen Stang**  
Ulset 28.04.04.

P.S.

"Kirker i faresonen:"  
Under denne overskriften fant vi sist mandag en liste i B.T., hvor det øyensynlig har gått litt fort i svingene, ikke bare for departementet. I alle fall har Osterøy kommune, i tillegg til sine ordinære 5 etter måten bra vedlikeholdte kirker, også fått kirker på Evanger og Mjølfjell å stri med.

D.S.

# ENSEMBLE SEITENWIND

ENSEMBLE  
SEITENWIND  
består av fire unge  
musikarar som har  
spelt i lag sidan  
1999. Det er  
Verena Huber og  
Barbara  
Heindlmeier som  
speler blokkfløyte,  
Stefan Pöll spelar  
cembalo og orgel,  
Christian Heim  
speler blokkfløyte  
og cello.  
Alle fire har studert  
på Mozarteum i  
Salzburg.

Konsert i Hamre  
kyrkje, sundag 1.  
august klokka  
19.00



## The Best of Ireland

Konsert med Andrea Rice, Fee Dobbin og Michael Chang.

Hamre kyrkje, sundag 22/8 kl 19.00

Andrea Rice er songar, og spelar dessutan gitar, fløyte og irsk harpe,  
Fee Dobbin spelar bass og bodhran, det er ei irsk rammetromme,  
og Michael Chang spelar fele.

Hamre 1000-års-stad komiteen er tilskiparar, og  
konserten er ein del av programmet for  
kystsogevekene.



# Min salme

Denne gongen er det Inglaug Sandal som har valt sin salme. Ho vart utfordra av Margot Raknes.

Inglaug Sandal skriv :

Då me gjekk "til presten" måtte me læra mange salmar utanbok.  
Endå dette no er over 60 år sidan står denne salmen fast i minnet.  
Den står på nr. 459 i salmeboka : Eg lyfter mitt auga min Frelsar til deg.


Takkebøna i siste verset har og vorte mi takkebøn. Dette er min salme.

*Eg lyfter mitt auga min Frelsar til deg,  
du kjærlege milde og sterke.*

*Eit rom i din himmel du reier å meg  
om her eg vil bera ditt merke.*

*Å Jesus, du fullendar verket.*

*Og om eg på ferdi vert vesal og tyngd  
når stormar mot sjeli mi strøymer,  
så lyser då voni om æveleg yngd  
og krona som Frelsaren gøymer.  
Sin augnestein aldri han gløymer.*



*Gud, gjev meg i nåde å skoda den dag  
då soli for evig skal renna!*

*Då freistande tankar og syndefullt jag  
i hugen min aldri skal brenna.*

*Å, lat meg di sæle få kjenna!*

*Eg takkar deg , Frelsar, fordi du meg fann  
og med meg på ferdi vil vera.*

*Eg veit at du stridde, eg veit at du vann,  
og difor du maktar å bera  
meg inn til den evige æra.*

Tekstforfattar er Nils Lavik i 1913. Melodien er av Oscar Ahnfelt i 1863.  
Ho utfordrar Jenny Eikeland til å senda inn sin salme.

## Raknestunet Leiroversikt sommaren 2004

19.06 - 20.06: Minileir

1/2. klasse. Alle barna må  
reise ilag med ein voksen  
dei kjenner godt.

Barn kr. 230,-

Vaksne: kr. 300,-

21.06 - 23.06: Yngstes 2

3/4. klasse

kr. 400,-

25.06 - 28.06: Yngres 2

5/7. klasse

kr. 550,-

02.07 - 04.07: Yngstes 3: Dyreleir

3/4. klasse

kr. 400,-

06.07 - 09.07: Yngstes 3: Dyreleir

5/7. klasse

kr. 550,-

26.07 - 30.07: Ten-leir

8/10. klasse

kr. 700,-

02.08 - 05.08: Yngres 4: Fotball-leir

5/7. klasse

kr. 550,-

06.08 - 10.08: Ungdomsleir

10. klasse og oppover

kr. 700,-

Aldersgrensene gjeld for den klassen ein tek til i hausten 2004.  
**VELKOMEN PÅ LEIR!**